

19.11.2010

Flest kvinner i idrettslaget

Målet er Solfjell! Filianane Mathiesen og Myklebust underveis i løpet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I 2009 var det 206 medlemmer i Uskedal Idrettslag. Dei fordeler seg med 124 kvinner og 82 menn i ulike aldrar. Dette syner ei oversikt som nett er laga.

Det var 55 og 41 kvinner i aldersgruppene 6-12 år og over 25 år. Dei tilsvarende tala for menn var 41 og 14 medlemmer.

Berre ein mann var registrert i aldersgruppa 20-25 år.

I heile Kvinnherad var der 3662 idrettslagsmedlemmer - 1796 kvinner og 1866 menn.

Idrettslaget Trio var størst med 737 medlemmer. Omvikdalen Idrettslag hadde 466, Rosendal Turnlag 440, Kvinnherad Golfklubb 269, Strand-Ulv249, Kvinnherad Håndballklubb 232, Ternen 201.

Halsnøy Idrettslag hadde ingen kvinnelege medlemmer, men to mannlige.

Eit av kriteria for å få kommunal lagsstønad er å ha mange medlemmer - og god aktivitet.

Derfor treng enkelte lag ta eit skippertak med å verva medlemmer i 2010 og 2011!!

Av Torfinn Myklebust

Etter at dette vart skreve har vi fått denne ytringa:

'Skal ein verta ført opp som medlem,
må ein vel betala medlemsavgift.
Men då er neste spørsmål Kvar vert fakturaen av?
Har sjølv ungar som er med på aktivitetar,
men har enno ikkje sett ein giro for i år.'